

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Thor Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg, Thomas Nilssen  
Ole Erik Feragen – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Audun Stokke Hole – tilsettes representant, John Stenersen, Sina Myhr, Solfrid Gjeldokk-

**Tid:** **Måndag 9.desember kl.10-17, tysdag 10.desember kl. 09-16.**

**Stad:** **Møllergata 39, 4.etasje. Oslo.**

Måndag frå 10-13.00 hadde vi ein verkstad for å finne gode programkonsept med folkemusikk og folkedans som innhald. Vi hadde med oss Arild Halvorsen, prosjektsjef hos Fabelaktiv as til å lede prosessen.

## Referat

Styresak 2019/67	Innkalling og sakliste
Styresak 2019/68	Orienterings-, drøfting- og referatsaker
Styresak 2019/69	Teieplikt
Styresak 2019/70	TONO og arrangørane
Styresak 2019/71	Medlemsskap i European Folk Network
Styresak 2019/72	Fordeling Frifond
Styresak 2019/73	Endring i forumleringar i tevlingsreglement
Styresak 2019/74	Utprøving av dansedommarar på LF
Styresak 2019/75	Habilitet under dansetevling på LF
Styresak 2019/76	Utstyr til instrumentutstilling
Styresak 2019/77	Plan for utlysning av LK og LF
Styresak 2019/78	Godkjenning av premiebudsjett, billettprisar, deltakaravgift og tevlingsplan for LK.
Styresak 2019/79	Oppsummering/evaluering av Folkelarm
Styresak 2019/80	Tilsvar til biskopen for unnskyldninga til folkemusikkmiljøet
Styresak 2019/81	Eventuelt

**Styresak 2019/67 Innkalling og sakliste**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.*

**Styresak 2019/68 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Driftsrapport per 26.11.19
- a. Rådgjeving/Opplæring/service
    - i. Har informert yrkesutøvarane om at dei kan mælda på plater til spelmannsprisen, søka showcase på Folk Alliance, Keychange, søka statens kunstnarstipend, artiststipend og delta på samisk dag hos Music Norway.
    - ii. Vi har delteke på møter i Arrangørforum
    - iii. Vi arrangerte dommarseminar på Lillehammer i september. Det var kurs i både spel- og dansedømming, med særleg fokus på runddans og runddansspel.
    - iv. Vi heldt fram med FolkOrg si tilskotsordning for danseaktivitet. Midlane går til prosjekt i 2020 og vert fordelt i desember 2019.
    - v. Vi har hatt nettverkssamling for folkemusikkarrangørar i samband med Folkelarm. Tema for møtet var formalisering av medlemsskap i FolkOrg for arrangørar og informasjon om TONO-avtala. Alle arrangørane har blitt oppmoda om å bli medlem av FolkOrg innan årsskiftet.
    - vi. Vi har delt ut priser til Årets lokallag og Årets arrangør 2019. Vinnarane var Trysil - Knut Dans- og Spelemannslag og Osafestivalen og prisane vart delt ut under Folkelarmprisen.
    - vii. Utlyst Frifondmidlar, informert om søknadsfristen på nettside og direkte til lokallag. Utarbeida forslag til fordeling.
  - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
    - i. Lanskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
      - 1. Meisterkonserten i Operaen 2020 blir 29.11.20. Det er avtalt møte med Operaen i desember 2019.
      - 2. Vi har vore på møte med hovudkomiteen for LK20 på Rjukan, og har hatt jamleg kontakt og oppfølging elles..
      - 3. Oppretta kontakt med LF20. Avtalt å delta på møte med hovudkomiteen over jul.
      - 4. Sendt inn rapport om årets Lanskappleik til Kongehuset, og har søkt om kongepokal til Lanskappleiken 2020 og sendt invitasjon til Lanskappleiken 2020.
    - ii. Folkelarm
      - 1. Har gjennomført Folkelarm med alt det medfører og det gjekk veldig bra. Det ser førebels ut til at vi har klart å halda oss til budsjettet.
      - 2. Vi har hatt stort hell med å selje annonsar på skjermene i foajeen og til Folkelarmprisen.
  - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
- Folkemusikk - magasinet:**
- i. Folkemusikk nr. 4/2019 er trykt i veke 48, og kjem ut i veke 51. Mykje av tilfanget til blad nr 1/2020, drygt ein tredel, er ferdigstilt eller tinga.
  - ii. Folkelarm-seminar: magasina Folkemusikk og Ballade arrangerte på Folkelarm seminaret «Spelemenn og små, fine jenter: Om språkbruk, kjønn og presentasjon i folkemusikken». Temaet syntest å engasjere mange, og seminaret skal ha vore diskutert ein del på Folkelarm i etterkant. Begge redaktørane syntest det var eit vellukka og interessant samarbeid, og ønsker å følgje opp

**Anna informasjonsarbeid**

1. Informasjonsarbeidet i perioden har primært vore knytt opp til Folkelarm, samt noko i høve LK og LF 2020.

d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:

- i. Har delteke på representantskapsmøtet for Stiftinga Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Dagleg leiar satt i panel for å drøfte folkemusikkens og folkedansens plass i kulturpolitikken. Representantsskapsmøtet konkluderte med at vi bør ha ein stor felles sak, og at det no bør vere å få på plass ei bachelorutdanning i scenisk folkedans.
- ii. Vi har vore i møte med kulturminister Trine Skei Grande om 100-årsjubileet til FolkOrg, og om at 2023 kan bli folkemusikkens og folkedansens år.
- iii. Nestleiar Camilla Granlien var til stede på medlemssmøte i Krafttak for song
- iv. Vi har saman med Arrangørforum, Kunstnernetverket, og museumsforbundet arrangert debatt om framlegg til kulturbudsjetten 2020.
- v. Vi hadde innspel på høyring på statsbudsjettet både i Familie- og kulturkomiteen og i Utanriks- og forsvarskomiteen.
- vi. Dagleg leiar hadde innlegg på konferansen "Løfte håndverket" der ho fortalte på kva måte FolkOrg arbeider både med de profesjonelle og dei som har det som hobby.
- vii. Har vore på rådmøte i Musikkindustriens næringsråd
- viii. Har delteke på medlemsmøte i Kulturaliansen
- ix. Nestleiar Thor Hauknes har delteke på SV's kulturlunsj og Arbeiderpartiets kultukaffekopp, der kulturbudsjetten 2020 var tema.
- x. Vi har sendt inn forslag til komitémedlemmar i kulturrådet .
- xi. Vi har sendt brev til Universitetet Nord om å bevare og satse på Nord-Norsk folkemusikksamling,
- xii. Vi har sendt inn høyringsinnspel til Liedutvalget som har sett på innhaldet i fagplanar for Musikk, dans og drama i vidaregåande skule.
- xiii. Vi har delteke på lanseringa for Balansemerket, ei merkeordning mot seksuell trakkassering i kulturlivet.

e. Særskilde satsinger

i. Rekruttering

1. Gjennomført seminar om rekruttering under Folkelarm.
2. Sendt inn kvartalsrapportering til Dextra Musica.
3. Avtalt møte med Dextra Musica for å diskutere vegen vidare. Møtet er utsett til januar.

ii. Det profesjonelle feltet

1. Vi hadde ein turné med Eplemøya Songlag og Raabygg i Tyskland i samband med at Noreg var hovudland under bokmessa i Frankfurt. Fleire nye spelestader fekk oppleve norsk folkemusikk. Vi samarbeida med Nordic Notes om turneen, og dei hadde også laga ei samleplate med norsk folkemusikk. Det, kombinert med å dele ut folkCD.no, har vore med på å gjøre norsk folkemusikk meir kjend i Tyskland. Vi var til stades under bokmessa og Norsk festival i Frankfurt.
2. Vi deltok på Womex, og var med det med på å bemanne den norske standen.

f. Andre ting:

- i. Flyttinga til nye lokalar har vore tidkrevjande.

- b) Rekneskapsrapport per 31.10.19 og 30.11.19.
- c) Debatten kring Frikar
- d) Orientering om opprop om danseutdanning
- e) Eventuelt

*Vedtak:*

*Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:*

- a) *Ingen særskilde merknader.*
- b) *Økonomien er under kontroll.*
- c) *FolkOrg skal ikkje arbeide for at enkeltkompani, grupper eller artistar skal få tilskot. Vi kan gi nøytral informasjon om dei om vi blir bedt om det.*
- d) *Ingen særskilde merknader.*

#### **Styresak 2019/69 Teieplikt**

*Vedtak:*

- a) *Styret vedtok og skreiv under på følgjande teieplikt:*

#### **Teieplikt for og i styret:**

1. *Medlemmene i styret har plikt til lojalt å ta vare på organisasjonen sine interesser på ei forsvarleg måte, og har teieplikt med omsyn til opplysningar og andre høve dei er blitt kjend med gjennom styrevervet og som ikkje er offentleg kjend. Det gjeld både opplysningar om organisasjonen og verksemda der og andre forhold. Teieplikta gjeld i styreperioden og etter at ein har gått ut av styret.*
2. *Diskusjonane i styret, vurderingar, og dei enkelte styremedlemmene sine synspunkt, utsegn og dissens, er underlagt teieplikt, med mindre styret vedtek noko anna.*
3. *Om styret har vedteke at dei skal gjevast utsegn til media eller andre utanforståande om saker som har vore eller skal bli styrehandsama, skal styreleiar uttale seg eller den styreleiar har peika ut. Styremedlemmer kan berre uttale seg om slike saker om det er vedteke i styret eller styreleiar har avgjort det.*
4. *Medlemmene i styret skal sørge for at styredokument ikkje kjem utanforståande i hende, og skal med det sørge for at styredokumenta blir oppbevart og handsama på ein sikker måte.*
5. *Dagleg leiar og resten av administrasjonen, inkludert dei tilsette sin representant i styret, er underlagt same teieplikt som styret.*

- b) *Styret i FolkOrg vedtok følgjande formulering om teieplikt til personalhandboka og arbeidsavtalar:*

#### **Tauhetsplikt for ansatte:**

*Arbeidstaker plikter, så vel under som etter arbeidsforholdets avslutning, å beholde taushet overfor uvedkommende om de forhold (informasjon, viten mv.) arbeidstaker blir kjent med hos arbeidsgiver, herunder arbeidsgivers kunder, medlemmer og samarbeidspartnere og forhold hos disse.*

*Dette gjelder også personlige forhold hos andre ansatte, styremedlemmer og medlemmer som arbeidstaker på grunn av sitt arbeid blir kjent med.*

*Som uvedkommende regnes også ansatte i organisasjonen som ikke trenger eller kan benytte opplysninger eller informasjon i sitt arbeid.*

*Tauhetsplikten innebærer også at arbeidstaker plikter å hindre at uvedkommende får adgang eller kjennskap til nevnte forhold.*

*Arbeidstaker har heller ikke anledning til å benytte informasjon og kunnskap som ovenfor nevnt, verken direkte eller indirekte, i egen eller andres virksomhet.*

*Unntatt fra dette er alminnelig kjent kunnskap og erfaring som arbeidstaker har ervervet, og opplysninger som åpenbart ikke er av konfidensiell natur samt alminnelige opplysninger arbeidsgiver selv ønsker at skal bli kjent.*

*Arbeidstaker skal ved tvil avklare forholdet med arbeidsgiver.*

c) Styret ønsker styreopplæring på ein dag, der halvparten er innføring i formalitetar og rolleavklaringar for styremedlemmer, og halvparten er ei innføring i FolkOrg sitt arbeid.

#### **Styresak 2019/70 TONO og arrangørane**

*Vedtak: FolkOrg betalar TONO-vederlag for arrangørmedlemmene i 2019 og 2020, men varslar om at dei må rekne med å betale heilt eller delvis frå 2021.*

#### **Styresak 2019/71 Medlemsskap i European Folk Network**

*Vedtak:*

*FolkOrg melder seg inn i European Folk Network.*

#### **Styresak 2019/72 Fordeling Frifond**

*Vedtak:*

*FolkOrg fordelar Frifond-midlane slik det er gjort framlegg om, med ei retting der prosjektmidla som var sett opp til Hallingdal Låtelag vert gitt til Lom Spel- og dansarlag.*

### **Styresak 2019/73 Endring i formuleringar i tevlingsreglement**

*Vedtak:*

- a) Punkt 16 i tevlingsreglementet endrast frå: «Under Landsfestivalen spelar ein den eldste gammaldansmusikken frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5. Ein oppfordrar til å spele dansbar musikk» til «Under Landsfestivalen spelar ein den eldste gammaldansmusikken frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5. Det skal spelast dansbar musikk.»
- b) Punkt 19 i tevlingsreglementet, pardans senior, endrast frå «Det er ikkje høve til å danse med følgje» til «Det er ikkje høve til å danse med følgje, eller å delta to gonger»
- c) Formuleringa i dommarskjema i dans endrast frå «For pardans er det viktig at paret har ein naturleg kontakt seg i mellom, og at guten er den som tydeleg fører dansen. Jenta bør syne at ho kan fylgje guten lett, samstundes som ho tek ei sjølvstendig rolle og kan svare guten i dansen! Likekjønna dansepar skal ikkje trekkast i poeng fordi dei er likekjønna.» til «For pardans er det viktig at paret har ein naturleg kontakt seg i mellom. Den som fører skal ha ei tydeleg førarrolle, medan den som følgjer bør syne gode evner til å følgje, i tillegg til å ta ei sjølvstendig rolle i dansen. Alle par skal dømmast på likt grunnlag, uavhengig av kjønn.»
- d) Vals settast som dans nr 1 i dommarskjema i runddans på LF.
- e) Vi endrar dommarskjema for dans slik at maks poengsum er 100 per par, slik som i dei andre klassane. Vi tek bort presiseringa om kor mange poeng som skal gå til dei ulike kriteria. Vi sender framlegget ut til røynde dansedommarar, som kan kome med innspel.

### **Styresak 2019/74 Utprøving av dansedommarar på LF**

*Vedtak:*

*Vi ønskjer ikkje å prøve ut dansedommarar, men vi vil enda sterkare oppmøde dommarane om å danse under tevlingane.*

### **Styresak 2019/75 Habilitet under dansetevling på LF**

*Vedtak:*

*Dersom ein dommar er ugild under dansetevlinga på LF, treng ikkje dommaren å forlate lokalet, men skal berre dømme dei andre dansarane. Det vil seie at dommaren ikkje set poeng på paret*

*ein er inhabil for. På dommarmøte skal vedkommande gå ut av rommet då det gitte paret blir diskutert og plassert.*

**Styresak 2019/76 Utstyr til instrumentutstilling**

*Vedtak:*

- a) *Vi tek først kontakt med Norsk Instrumentmakerforening for å få til eit samarbeid om ei instrumentutstilling.*
- b) *Vi kjøper inn instrumentstativ om det er trond for det.*

**Styresak 2019/77 Plan for utlysning av LK og LF**

*Vedtak:*

*Vi lyser ut Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk for ytterlegare fem år med søknadsfrist 1.september 2020. Landskappleiken: 2023, 2024, 2025, 2026 og 2027 og Landsfestivalen i gammaldansmusikk: 2022, 2023, 2024, 2025, 2026.*

**Styresak 2019/78 Godkjenning av premiebudsjett, billettprisar, deltaravgift og tevlingsplan for LK 2020.**

*Vedtak:*

a)

Deltakaravgift	1.frist junior	2.frist junior	1.frist senior	2.frist senior
	200 kr for første påmelding. 100 kr per påmelding vidare	300 kr for første påmelding. 150 kr per påmelding vidare	350 kr for første påmelding. 175 kr per påmelding vidare.	450 kr for første påmelding. 225 kr per påmelding vidare.

b)

Gjennomgangsbillettar (inkl. Opningskonserten og meisterkonsert)	Medlem	Ikkje-medlem
--	--------	--------------

Onsdag-Søndag	Kr 850	Kr 950
<b>Fredag (frå kl 08.00) - søndag</b>	Kr 600	Kr 700
<b>Dagbillett (gjeld både tevling og kveld)</b>		<b>Konsertbillett</b>
Onsdag	Kr 200	Opningskonsert, kjem seinare
Torsdag	Kr 250	
Fredag	Kr 250	Opus 72 inkl. Transport kr 300
Laurdag	Kr 300	Kvedarcruise, kjem seinare
Sundag		Meisterkonsert kr 200
<b>Born under 16 år gratis</b>		

Premiar	Pris	Tal	Sum
1. premie	700	62	Kr 43 400
2. premie	400	62	Kr 24 800
3. premie	250	62	Kr 15 500
Deltakarpremiar jr	50	233	Kr 11 650
Finale kongepokal	6000 – 4000 – 2000		Kr 12 000
Finaleklasser	3000 – 2000 – 1000	2	Kr 12 000
Sjokoladekappleik	20	100	Kr 2 000
			<b>Kr 121 350</b>

*Styret og administrasjonen drøfta Folkelarm 2019 og er godt nøgd. Det er ingen vedtak i saken.*

**Styresak 2019/80 Tilsvar til biskopen for unnskyldninga til folkemusikkmiljøet**

*Vedtak:*

*Styret vedtok eit tilsvare til Bispemøtet for unnskyldninga til folkemusikkmiljøet. Det sendast til preses i Den norske kyrkje, til avisene som har skrive om saka og leggast ut på våre nettsider. Brevet ligg ved referatet.*

**Styresak 2019/81 Eventuelt**

**Møteplan våren 2019.**

*Styremøte 2019/01 er sett til fredag 7.februar*

*Styremøte 2019/02 er sett til 25.-26.mars*

*Styremøte 2019/03 er sett til 4.juni*